



Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune
Pb. 7900
5020 BERGEN

□

Hordaland Fylkeskommune
30 SEPT 2014
2014/20376-2

Behandlende eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Trond Hollekim - 55516167

Vår referanse:
2014/046060-004

Dykkar referanse:
2014/20376-1

Vår dato:
25.09.2014

U

Vedr. spørsmål om fotgjengarfelt på fv. 179 Steinsvikvegen - Oversendingsforslag i samferdselutvalet

Saka gjeld følgjande spørsmål :

«Fotgjengarfelt på Steinsvikvegen

Dette er ein fylkesvei som det er 60 km/t på. Det finst ikkje fotgjengarfelt over denne vegen og veldig mange barn(!), unge og voksne spring over vegen kvar dag. Dette gjer de for å nå busstoppet som er på andre sida av vegen eller for å bruke badestranda, naust eller småbåthamna. Spesielt på sommaren er det veldig mange barn som spring over vegen for å bada. Det har vore mange nestenkollisjonar her og mange bilistar held dessverre mykje høgare fart enn 60 km/t.»

Spørsmålet gjeld kryssing av fylkesveg 179 Steinsvikvegen ved krysset med kommunal veg Feråsvegen. Som det framgår er det her fartsgrense 60 km/t og busshaldeplass på kvar side av fylkesvegen. Det er einsidig samanhengande langsgåande tilbod til mjuke trafikantar i form av gang- og sykkelveg skilt med rekkeverk frå køyrevegen. Trafikkmengd er i snitt 6500 kjøretøy pr. døgn (ÅDT 2013).

I tiårs-perioden 2004-2013 er det i 2004 registrert to trafikkkulukker med lettare personskade innanfor ein strekning på 500 m. Den eine skjedde ved krysset der ei hestevogn velta på gang- og sykkelvegen (eineulukke). Den andre skjedde i kurven ca. 400 m lengre nord (utforkøyring).

Det ligg føre reguleringsplan nr 6054000 vedteken 1985 som omfattar denne delen av fv 179 Steinsvikvegen. I planen er det vist planfri kryssing (undergang) for mjuke trafikantar i dette krysset. Den aktuelle strekninga av Steinsvikvegen vart bygd av Bergen kommune på slutten av 1980-talet, men verken denne eller dei to andre planfrie kryssingane som er vist i planen vart bygd.

Det er ikkje registrert forslag om gangfelt i Bergen kommunes trafikksikkerhetsplan 2014-17. Dette er heller ikkje inne som noko prioritert tiltak i inneverande byggeprogram eller i tiltaksplan for trafikksikkerhet 2014-17 (Bergensprogrammet), slik at evt. tiltak her vil bli vurdert og prioritert opp mot andre trafikksikringstiltak på fylkesvegnettet.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firma/post-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø¹
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Vi gjør merksam på at det også ligg føre søknad om gangfelt ca. 500 m lengre nord (ved Søvik) til vurdering.

Spørsmål om nytt gangfelt ved krysset med Feråsvegen vil bli vurdert etter retningslinene i Statens vegvesens handbok V127 Gangfeltkriterier. Statens vegvesen vil i første omgang gjennomføre registreringar som fartsmåling, fotgjengarteljingar, synfaring og deretter vurdere evt. trafikksikringstiltak. Dette vil ta litt tid, men Statens vegvesen vil kome tilbake med orientering når slik vurdering ligg føre.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø

Sindre Lillebø
Seksjonsleiar

Trond Hollekim

Trond Hollekim